

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING – SMÅSTRANDA NÆRINGSOMRÅDE

På bakgrunn av vedtak i kommunestyret 25.10.21 (saksnr: KO-106/21) og i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 varslar Vanylven kommune med dette oppstart av detaljregulering av Åramsundet næringsareal. Planen blir utarbeidd i samsvar med pbl §12-3 og §12-10. Norconsult AS er innlegd som planrådgjevar.

Føremålet med planarbeidet er å få formelt plangrunnlag for å fylle ut i sjøen og utvikle fleirbrukshamn/næringsareal.

Planstatus

Området er ikkje regulert tidlegare. Området er i kommuneplanen avsett til kombinerte formål i sjø og vassdrag i sjøen og LNF (landbruk, natur og friluftsmål) på land. Tiltaket er såleis ikkje i tråd med overordna plan.

I den Interkommunale kystsoneplanen for Søre Sunnmøre 2022-2027, som ligg ute på offentleg ettersyn med høyringsfrist 28. januar, er sjøområdet ved Småstranda foreslått avsett til eit kombinert formål for fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv. Det aktuelle område er i kystsoneplanen avmerka med omsynssone H_710 (bandlegging for regulering). Behovet for samordning mellom desse to planane vert vurdert før vedtak.

Krav til konsekvensutgreiing

Vanylven kommune vurderer at tiltaket utløyer behov for konsekvensutgreiing jf. *Forskrift om konsekvensutredning*, vedlegg II punkt 11 j) og k). Det er innleiingsvis vurdert behov for å utgreie konsekvensane for friluftsliv, naturmangfald i sjø, naturressursar, landskap og trafikkforhold. Det må i tillegg vurderast om det er behov for tiltak for sikre mot skredfare og om grunnforholda elles gir behov for særskilte omsyn.

Planprosess

Dette er i fyrste omgang eit varsel om at planarbeidet er starta opp. Har du opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve planarbeidet ber vi om å få tilsendt desse innan **12.02.2022**. Innspel til planarbeidet merkast med «Detaljregulering Småstranda» og sendast enten som brev til Vanylven kommune, Rådhusvegen 1, 6143 Fiskå eller med e-post til: postmottak@vanylven.kommune.no.

Kontaktperson hos Vanylven kommune er kommunalsjef teknisk Helge Kleppe, tlf: 70030071.

Når det er utarbeidd eit forslag til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Synste Møre, og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla per Altinn/brev/e-post. Ved offentleg ettersyn vert planen lagt ut på kommunen si heimeside og det vil då vere moglegheiter for å sjå på løysingane i planen og kome med meir konkrete innspel.